

HEIDERSPRIS – FØRDE IL



EGIL NESTANDE

2019

Egil Nestande f. 1941 har drive orientering sidan han gjekk på befalsskulen i 1959. Etter at han kom til Førde i 1969 gjekk det ikkje lenge før han vart ein trufast medlem i FIL Orientering, der han mellom anna har vore leiar i to periodar, mangeårig styremedlem, kasserar og redaktør av O-posten. Egil er framleis aktiv både innan administrativt dugnadsarbeid og som O-løpar.

Egil har og hatt fleire verv i Sogn og Fjordane Orienteringskrins, og var i åra 1983-1989 krinsleiar. Han engasjerte seg tidleg i kartarbeid og teikna fleire kart på «gamle måten». Dei seinare åra har han arbeidd mykje med å digitalisere, re-synfare og oppdatere FIL Orientering sine tidlegare kart i papirformat. Han har gjennom mange år vore uformell redaktør av O-posten, har vore aktiv med å oppdatere vår nettside, og er også den som oppretta gruppa si Facebook-side. I cirka 20 år har han styrt økonomien som kasserar i gruppa. Han har også påtatt seg ansvar som lagerleiar, og syter både for orden og vedlikehald av utstyret på O-gruppa sitt lager på FIL-huset. Egil Nestande vart tildelt æresmedlemskap i Førde IL Orientering i 2015.

Førde IL Orientering (1969 – d.d)

1969 – d.d Styremedlem, kasserar, leiar i 2 periodar, redaktør O-posten, materialforvalter, medlem teknisk råd. Aktiv O-løpar. Deltek framleis på veteran NM og veteran VM

Sogn og Fjordane Orienteringskrins

1983 – 1989 Krinsleiar

Førde den 15.03.2019

Tor Starheim
Styreleiar, Førde IL